

Årsmelding og rekneskap 2013



Sogn regionråd

25. april 2014

Innhald

1	Sogn regionråd.....	3
1.1	Møte og deltaking	3
1.2	Arbeidsgrupper	3
1.3	Rekneskap – økonomiske resultat	4
2	Aktivitetar i 2013	4
2.1	Næringsutvikling.....	5
2.1.1	Regionale møteplassar	5
2.1.2	Reiseliv	5
2.1.3	Tilflytting og rekruttering	6
2.2	Utdanning og kompetanse.....	6
2.2.1	Skulebruksplanen – organisering av vidaregåande opplæring	6
2.2.2	Regionale barnehage- og skulesamarbeid.....	7
2.3	Samferdsle.....	8
2.4	Helse	8
2.5	IKT	9
2.5.1	Fellesordningar i Sogn regionråd	9
2.5.2	Geografisk informasjonssystem (GIS)	9
2.6	Samarbeidsfora i Sogn regionråd.....	10
2.6.1	Rådmannsgruppa	10
2.6.2	Regionale nettverk	11
2.7	Orienteringar og gjesteforedrag	12
2.8	Fråsegner frå Sogn regionråd	12
3	Rekneskapoversikt - Sogn regionråd	13
3.1	Bruk av fondsmidlar	14

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er ein interkommunal samanslutning etter kommunelova § 27. Kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal er medlemmar. Ordførararane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet.

Aurland kommune, Noralv Distad (leiar)

Vik kommune, Marta Finden Halset

Balestrand kommune, Harald Offerdal

Leikanger kommune, Olav Lunden

Luster kommune, Ivar Kvalen

Lærdal kommune, Jan Geir Solheim

Sogndal kommune, Jarle Aarvoll

Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid.

Sogn regionråd hadde 6 møte:

25. januar, Sogndal

22. februar, Årdal

26. april , Leikanger

21. juni, Lærdal

13. september, Sogndal

25. oktober, Balestrand

6. desember, Aurland

Det vart handsama 37 saker i løpet av året.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i fast stilling.

1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynne. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Samferdslegruppa (6 møte; 1 med Widerøe og 1 med Statens vegvesen Region vest)
- Helsegruppa (2 møte)
- Næringsutviklings-/RUP-gruppe¹ (2 møte; 1 med fylkeskommunen og 1 telefonmøte).

¹ Regional utviklingsplangruppe

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2013 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Eksterne midlar til Sogn regionråd utgjer elles 599 900 kr og kommunane sin kontingent utgjer kr. 3 337 000.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 7 563 332. Av dette utgjer eksterne midlar kr 2 184 454 og refusjon frå kommunane kr 5 138 557, inkludert kr 3 337 000 i kontigentmidlar.

Meirverdiavgiftkompensasjonen utgjer kr 240 321.

Det er brukt kr 628 538 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 1 091 213 avsett til fond. Positivt netto driftsresultat er kr 348 820.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer 117 220, og er avsett til fondsmidlar diverse prosjekt. Sogndal kommune tilbakeførte meirverdiavgiftkompensasjon kr 845 647 og midlane er ført på fond diverse prosjekt.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2013

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2013-2016". Strategiplanen vart vedteken i rådsmøte 26. april etter høyringsrunde i kommunane og tiltaksplanen for 2013-2014 vart vedteken i 21. juni.

Planen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur.

Sogn regionråd har tre satsingsområde: Næringsutvikling, samferdsle og helse. Det vert laga tiltaksplan for kvart år.

Det vart inngått samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune for gjennomføring av regionalt utviklingsprogram. Dei regionale utviklingsmidlane frå fylkeskommunen utgjer kr 550 000. I tillegg fekk vi etter søknad kr 200 000 i regionale utviklingsmidlar.

RUP-gruppa følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

2.1 Næringsutvikling

2.1.1 Regionale møteplassar

Sogn regionråd vil byggja nettverk og samhandlingsarenaer og vil styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Sogn regionråd var med som samarbeidspart for Aurlandskonferansen i 2013 og arrangerte konferansen saman med Aurland næringsutvikling og festivalen Nynorske litterurdagar. Tema for dag ein var «regionale utfordringar og regionalt samarbeid» og dag to «entreprenørskap og utvikling».

2.1.2 Reiseliv

Reiselivsorganisering i Sogn

Målet med prosjektet var å styrka samkøyringa av reiselivsutviklinga og auka lønsemda i reiselivet i Sogn. Regionen hadde åtte reiselivsselskap. Sogn regionråd var prosjekteigar. Høyanger kommune var med i prosjektet.

Forprosjektet starta 2011. Hovudprosjektfasen varte frå hausten 2012 til det nye reisemålsselskapet vart etablert. Visit Sognefjord AS vart skipa 14. februar 2013, og var i ein etablerings-/utviklingsfase til 1. juni 2013. Selskapet har 150 aksjonærar og ein aksjekapital på 2,1 mill. kr.

Regionen er den største reiselivsdestinasjonen i Fjord Norge etter Bergen og Stavangerregionen. I hovudprosjektet vart det utvikla ny transparent struktur for innbetaling av marknadsbidrag frå medlemsbedrifter og for betaling frå kommunar, og det vart utarbeidd strategiske dokument og forretningsplan.

Viktige faktorar for at ein har lukkast med prosjektet har vore:

- Gjennomarbeidd statusanalyse
- Forståing for det informasjonsbehov og dialog alle impliserte aktørar har i ein slik omstruktureringsprosess
- Målretta prosessleiring med høg gjennomføringsevne
- Brei samansett styringsgruppe/interimsstyre med fokus på resultatoppnåing og rask/effektiv prosessperiode

Fylkeskommunen har løyvd kr 300 000 til hovudprosjektet. Nærings- og fiskeridepartementet har gitt tilsagn om kr 500 000 til Sogn regionråd og Visit Sognefjord AS til prosjektet. Vilkåret er at kompetansen vi får gjennom prosjektet aktivt blir delt med andre aktørar i det nasjonale strukturprosjektet. Etter fordeling av midlane i samsvar med søknaden har Sogn regionråd brukt kr 443 000 i regionale utviklingsmidlar/fondsmidlar (kr 126 000 i forprosjektet og kr 317 000 i hovudprosjektet). I tillegg er det lagt ned ein betydeleg eigeninnsats frå næringa, reisemålsselskapet, kommunane (politisk og administrativ leiing) og frå administrasjonen i regionrådet. Unytta midlar vert sett på fond.

Marknadsføring

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn og gav tilskot med kr 240 000 av RUP-midlane til marknadsføring i det nye reisemålsselskapet Visit Sognefjord.

Produkt- og marknadsanalyse for heilårsreiseliv

Regionrådet vedtok i desember 2013 å setja av midlar til ein analyse som skal gje eit kunnskapsgrunnlag til bruk i marknadsføring og produktutvikling for heilårs reiseliv. Arbeidet med analysen starta i januar. I arbeidsgruppa deltek Visit Sognefjord, Høgskulen og regionrådet.

2.1.3 Tilflytting og rekruttering

Karrieremesser

Sogn regionråd vil sikra busetjing og rekruttering til regionen. Regionrådet koordinerte kommunane si deltaking på karrieremessene i regi av Framtidsfylket. Messene var i Bergen og Oslo i 2013 og arrangementet «Åtgaum» var på Youngstorget i mai. Framtidsfylket fekk tilskot kr 50 000 til messene. I tillegg kjem eigne kostnader til stand og deltaking.

Bruk av portalen til Framtidsfylket

Sogn regionråd profilerer kommunane på nettsida til Framtidsfylket for å få fram at regionen er attraktiv å bu, jobbe og starta verksemد i. Dei gode historiene frå Sogn byggjer omdømme og kan inspirera fleire potensielle tilflyttarar og heimflyttarar til å sjå etter jobbar eller starta verksemد i vår region. Det vart laga tre nyhende på nettsida til Framtidsfylket i 2013 (kommunane Luster, Lærdal og Leikanger). Unytta midlar vert sett av på fond.

Analyse av bustadmarknaden

Det vart sett av midlar til ein analyse som skal beskrive bustadmasse, tomtesituasjon og planar framover, folketals- og sysselsetjingsutvikling, leigemarknaden og korleis kommunal og anna innsats påverkar bustadmarknaden. Analysen vil få fram utfordringar og moglegheiter for å tilretteleggja for eit godt fungerande bustadmarknad. Analysen er meint å gje kommunane felles kunnskap som kan brukast i samarbeid mellom kommunane og vidare arbeid i kvar kommune.

2.2 Utdanning og kompetanse

2.2.1 Skulebruksplanen – organisering av vidaregåande opplæring

Fylkeskommunen la fram skulebruksplan for dei vidaregåande skulane med framlegg til store endringar for kommunane, elevane og næringslivet i Sogn. Sogn regionråd arbeidde hausten 2012 og våren 2013 med ei felles fråsegn med regionalt perspektiv for å få fram fakta og vurderingar og for å finna løysing som ivaretok og støttar opp om Sogn sine behov for vidaregåande opplæring. Etter breie drøftingar med representantar frå kommunane, skulane og regionrådet vart det fremja ei felles fråsegn med modell «Indre Sogn». Modellen kom innsparingsmåla i møte, gav meir robuste fagmiljø og ivaretok elevane sine opplæringsbehov og regionen sine arbeids- og næringslivsbehov.

2.2.2 Regionale barnehage- og skulesamarbeid

Utviklingsprogrammet "System for styrka læring" er kommunane sitt program for barnehage- og skuleutvikling i perioden 2013-2021. Det vart tilsett programleiar og programstyret vart etablert. Regionrådet vedtok mandat for det nye programstyret, og arbeidet med å utvikle ein overordna handlingsplan starta opp i 2013.

Barnehagestemnet og fagnettverk for barnehagane

61 styrarar og pedagogiske leiarar fullførte leiarutdanninga (30 studiepoeng) ved Høgskulen i Sogn og Fjordane februar 2013.

"Barnehagestemnet: Fag i fokus" vart arrangert 2. januar 2013, og det var første gong at alle tilsette i barnehagesektoren i Sogn var samla til ein felles inspirasjons- og fagdag. Det konkrete arbeidet i dei sju fagnettverka for barnehagane starta denne fagdagen. To av sju nettverk reiste på eksterne studieturar; "Kunst, kultur og kreativitet" reiste på samlinga "Nordiske impulser" 13. – 14. mai i Oslo. "Kommunikasjon, språk og tekst" reiste til København 6. – 8. november. Dei fem andre nettverka hadde samlingar i Sogn. Sjå ytterlegare info om nettverka på nettsida vi etablerte i 2013;
<http://fagnettverk.wikispaces.com/Heim>

Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn regionråd søkte Utdanningsdirektoratet om midlar til å utvikle barnehagane som lærande organisasjonar, og fekk kr 1,5 mill. kr. Midlane gjer at fagtilsette på Høgskulen blir med i drift og utvikling av fagnettverka for barnehagane.

Vi har fått kr 315 000 i kompetanse- og utviklingsmidlar frå Fylkesmannen til barnehagane i Sogn.

Psykisk helse

Fire ungdomsskular i Sogn har vore med på eit forskingsprosjekt om bruk av verktøyet "Psykologisk førstehjelp". Aurland barne- og ungdomsskule, Flatbygdi skule i Vik og både skulane i Årdal, Tangen og Farnes, er no med i regionrådet sitt forskingsprosjekt om psykisk helse i skulen. Dei vel 140 lærarane på desse skulane får kurs i bruk av verktøyet Psykologisk Førstehjelp (PF) og skal undervise i psykisk førstehjelp i klassane sine. Vi fekk tilskot frå Regionalt forskingsfond på kr 200 000 i forprosjektet og kr 55 000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Regionalt Kunnskapssenter for barn og unge (RKBU-Vest) og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen. Om forprosjektet blir utvida til eit hovudprosjekt kan fleire skular få kurset.

Entreprenørskap

Entreprenørskapsmessa vart arrangert for alle ungdomsskulane i Sogn i mai med elevbedrifter, bedriftsbesøk og foredrag. Vik kommune var vertskap. Messene er eit samarbeid mellom vertskommunen, stiftinga Ungt Entreprenørskap og Sogn regionråd.

I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane starta Sogn regionråd studiet "Entreprenøriell matematikk" (30 studiepoeng) hausten 2013. Sju lærarar frå Leikanger, Sogndal og Luster deltek. Etter ei evaluering er planen at tilbodet går til alle kommunane i fylket frå hausten 2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune bidrog med kr 160 000 i tilskot til frikjøp av undervisningstid til lærarane. Det vert arbeidd med å få anna ekstern finansiering til tiltaket.

Utviklingsrettleiar for ungdomsskulane

Stillingane som utviklingsrettleiar for ungdomsskulane er ein del av den nasjonale satsinga på ungdomstrinnet, og gjeld for perioden 2014 – 2017. Fylket fekk 3 årsverk på deling. Sogn regionråd vedtok hausten 2013 delfinansiere 25% stilling slik at det kunne tilsetjast i heil stilling. Stillinga i Sogn er ein av fire i fylket og ein av 50 i landet. Utviklingsrettleiar skal vere tett på de 12 skulane med ungdomstrinn i Sogn, i tillegg til eit nært samarbeid med barnehage- og skuleregion Sogn og programstyret "System for styrka læring."

Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn

Forprosjekt for å vurdera organiseringa av pp-tenesta vart starta opp våren 2013. Kommunane i Sogn har fem ulike organisasjonsløysingar og dei bruker meir ressursar på spesialundervisning enn fylket og snittet for landet elles. Rådmannsgruppa har vore styringsgruppe og det vart oppretta ei prosjektgruppe. Programleiar for «System for styrka læring» prosjektleiar. Prosessleiing i forprosjektet er finansiert av eigne midlar. Vi har fått OU-midlar frå KS til leiarsamlingar. Kommunane tek stilling i løpet av våren om deltaking i hovudprosjektet.

2.3 Samferdsle

Sogn regionråd har samferdsle som eitt satsingsområde og arbeider for å styrka regionen sine samferdsleinteresser. Rådet har fleire prioriterte samferdsletiltak som vi aktivt arbeider for i høve avgjerdstakarar på statleg og fylkeskommunalt nivå. Sogn regionråd har gitt innspel til regional transportplan om prioriterte tiltak.

Sogn regionråd har i 2013 arbeidd for å få auka ferjefrekvens og nattferjer på sambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes. Regionrådet har vore i kontakt med Statens vegvesen Region vest over til for å diskutera ruteløysingar. Samferdslegruppa gav innspel til regionvegkontoret før ruteframlegget vart sendt på høyring og Sogn regionråd har gitt felles fråsegn i høyringsrunden.

På oppdrag frå Sogn regionråd vurderte Transportøkonomisk Institutt kombinert skule-, pendlar- og turistbåt for Vik-Sogndal og Aurland-Sogndal. Passasjergrunnlaget, finansieringsmogleheter vart vurdert. Rapporten vart sluttført i januar 2013.

2.4 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Samhandlingsreforma og Sogn lokalmedisinske senter har vore drøfta i regionrådsmøta.

Det er to pågåande prosjekt i regionen 1) Sogn lokalmedisinske senter og 2) folkehelse og førebyggjande arbeid (Leikanger, Luster og Sogndal).

Alf Olsen er regionrådet sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

2.5 IKT

2.5.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Overordna samarbeidsavtale

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester, og det er laga to delavtaler mellom samarbeidspartane:

- **Kommunenett:** Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar.
- **GIS-løysing:** Sogn regionråd har avtale med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet.

IKT-faggruppa

IKT-faggruppa er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd og gruppa rapporterer til rådmannsgruppa. Gruppa hadde to møte i 2013 og arrangerte ei samling for IKT-tilsette i kommunane.

Breibandforum

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum er Carl-Richard Nyborg-Christensen, IKT-medarbeidar for BLLS-kommunane (Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal).

IT-forum Velferdsteknologi (tidlegare eHelse)

Nettverk som arbeider for sikker og effektiv bruk av elektronisk kommunikasjon i helsesektoren. Sogn regionråd sin representant er Marit Isaksen, Sogndal kommune med Carl-Richard Nyborg-Christensen, IKT-medarbeidar for BLLS-kommunane, som vara / administrativ støtte.

IT-forum Oppvekst og Utdanning (tidlegera IKT Skulenettverk)

Nettverk som arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant er Geir Svendsen, Vik kommune.

2.5.2 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for forvaltning oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på sognekart.no der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

a) Adresseprosjektet

Sogn regionråd fekk tildelt kr 175 000 i skjønnsmidlar i 2013 frå programstyret for offentleg fornying til adresseprosjektet. Prosjektet starta i 2012 og er planlagt avslutta desember 2014.

b) SIMAS

Det er starta utviklingsprosjekt med Botek Systems AB frå Sverige og Norkart AS for at SIMAS skal få overføring av data frå renovasjonsbilar direkte til KomTek programvare i sanntid. Automatisk vektregistrering av tömming frå bilar er i første omgang retta mot næringskundane. GIS-koordinator er prosjektleiar. Prosjektet skal bli ferdig i 2014.

Det vart inngått avtale med SIMAS om sal av tenester frå GIS-koordinator kr 65 000 og drift av GIS-løysing kr 72 000 eksl mva.

d) Kompetanseheving

Det er gjennomført intern opplæring for nye medarbeidarar og saksbehandlarar i regionen for bruk av GIS-verktøy og KomTek programvare.

f) Samarbeid

Representanter frå regionen deltek i Geodatautvalget i Hordaland og Sogn og Fjordane, Norgedigital, GeoForum og Geovekstprosjektet.

g) Faggruppe

Det er starta faggruppe i oppmåling for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og starta arbeid med utarbeiding av felles rutinar og kvalitet sikring i oppmåling arbeid og matrikkelregistrering.

2.6 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

2.6.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Rådmannsgruppa får arbeidsoppdrag frå regionrådet og organiserer det i samråd med dagleg leiar. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat.

Leiar for rådmannsgruppa i 2013 var Alf Olsen, rådmann i Lærdal kommune. Gruppa hadde 5 møte og blant sakene har vore:

- Interkommunalt samarbeid om skogbrukskompetanse
- «System for styrka læring»
- Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn
- Overgrepsmottak
- Innføring av e-handelplattform og organisering
- Fordeling av utgifter til regionrådet
- GIS-samarbeidet (geografisk informasjonssystem) og adresseprosjektet
- Innkjøp: forsikringar og skjenkekontroll
- Meirverdiavgiftskompensasjon
- NAV – korleis utvikla partnarskapen
- Arbeidsgjevarkontroll
- IKT-samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune – statusmøte

2.6.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Ungdomsnettverket vart starta opp i 2006, kulturnettverk i 2011 og næringsnettverk, HR/personal og helse- og omsorgsnettverket starta i 2012.

Ungdomsnettverk

Deltakarar er ein ungdomsarbeidar frå kvar kommune. Nettverket har hatt to møte. Hovudaktivitetane er å arrangera årlege samlingar for dei som arbeider med born og unge i kommunane, halda fokus på hybellivet og erfaringsutveksling til dømes om erfaringar for korleis drive fritidsaktivitetar. Nettverket deltok på kurset «Jakten på det normale barnet» i Bergen. Leiari for nettverket var Anita Lærum, Aurland kommune. Sogn regionråd sette av kr 100 000 til aktivitetar i nettverket i 2013-2016.

Kulturnettverk

Det er oppretta eit regionalt nettverk for kulturmedarbeidrarar for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling. Ansvaret for møta, mellom anna med møteleiing og – referat, går på omgang mellom kommunane.

HR/personalnettverk

Deltakarar er personalmedarbeidrarar i kommunane. Tilsette som arbeidar med lønsarbeid vert med i aktuelle saker. Vertskommune går på omgang med to år av gangen, Luster er frå 2012 - 2013. Det har vore eitt møte med følgjande tema: heimelsystem i dei ulike kommunane, lokale særavtalar, bruk av forhandlingsmodul, lokale tingingar, felles kursing i regelverk innan personal og erfaringsutveksling om diverse personalarbeid som t.d. tilsetjingsprosedyrar, rekrutteringsarbeid og permisjonar.

Næringsnettverket i Sogn

Deltakarar er næringsansvarlege i kommunane. Nettverket hadde fire møte og tema var mellom anna reiseliv, næringsutvikling i eigen kommune, Sakte Sognefjord/næringshageprogrammet, karrieremessene og aktuelle arenaer for gründerar. Næringssjef Olav Grov, Luster kommune var leiari fram til Per-Odd Grevsnes, dagleg leiari i Sogn næring, Sogndal kommune overtok. Dagleg leiari i Sogn regionråd deltek på møta.

Helse- og omsorgsnettverk

Nettverket har hatt fire møte med med tema som telemedisin, E-meldingar, rus og psykriatri - delavtaler, akuttlasser og vore på omvisning i korttidseining i Gaupne. Leiari for nettverket var Jarle Helge Skaar, tenesteleiar for pleie og omsorg, Sogndal kommune, og leiaren deltek i Forum for helse, omsorg og folkehelse.

2.7 Orienteringar og gjesteforedrag

Orienteringar i møta i Sogn regionråd:

Wiggo Hustad, dr. polit, Deloitte AS

Otte Bjelland, forskar, Havforskingsinstituttet

Frode Olav Haara, førsteamanuensis, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Rasmus Stokke, dekan, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør, Visit Sognefjord AS

Claus Røynesdal, programleiar «System for styrka læring», Sogn regionråd

Bjørg Fritsvold, rektor Sogn Jord- og Hagebrukskule

Stian Sægrov, prosjektleiar for samla plan for prehospitalte tenester, Helse Førde

2.8 Fråsegner frå Sogn regionråd

Fråsegner frå Sogn regionråd i 2013:

- Arbeidsgjevarkontroll i Sogn og Fjordane til Skatt Vest, 20.11.2013
- Lokalisering av statleg valeining til Leikanger til Kommunal- og regionaldepartementet, 30.9.2013
- Regional transportplan for Sogn og Fjordane til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 25.9.2013
- Skulebruksplanen for vidaregåande opplæring til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 26.4.2013
- Regional plan for verdiskaping - innspel til planprogram til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 4.4.2013
- Utdanningstilbod til ungdom i Sogn innspel til fylkesutvalet, 22.2.2013
- Regionalt bygdeutviklingsprogram til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 4.2.2013

Vedlegg

3 Rekneskapsoversikt - Sogn regionråd

Deltakarkommunar: Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Aurland, Vik, Balestrand og Årdal	Reknskap 2013	Revidert budsjett	Vedteke budsjett	Reknskap 2012
DRIFTSINNTEKTER				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-5 138 557	-5 108 000	-5 190 000	-4 613 737
Refusjon frå staten	-217 877	0	0	-469 973
Refusjonar frå fylkeskommunen	-2 520	0	0	0
Refusjonar frå andre/private	-161 597	-345 000	-145 000	-240 750
Overføringer frå staten	-599 900	-1 224 000	-250 000	-100 000
Overføringer frå fylkeskommunar	-1 058 300	-942 000	-550 000	-720 000
Overføring frå kommunar	-73 158	-25 000	-25 000	-289 552
Overføringer frå andre	-71 102	-123 000	-85 000	-103 456
Mva kompensasjon	-240 321			-297 434
Sum driftsinntekter	-7 563 332	-7 767 000	-6 245 000	-6 834 902
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	1 145 440	1 436 000	1 433 000	1 056 754
Sosiale utgifter	354 202	0	0	321 436
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	3 759 022	4 072 000	2 731 000	5 016 391
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod	0	0	0	0
Overføringer	1 955 848	1 736 000	1 561 000	1 500 558
Fordelte utgifter	0	741 000	660 000	0
Sum driftsutgifter	7 214 512	7 985 000	6 385 000	7 895 139
Brutto driftsresultat	-348 820	218 000	140 000	1 060 237
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	3 366	0	0	0
Renteinntekter	-117 220	0	0	-57 231
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-113 854	0	0	-57 231
Netto driftsresultat	-462 674	218 000	140 000	1 003 006
Avsetjing og bruk av fondr				
Bruk av bundne fond	-628 538	-360 000	-140 000	-1 661 800
Avsetjingar til bundne fond	1 091 213	142 000	0	658 794
Sum avsetjing og bruk av fond	1 091 213	142 000	0	658 794
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	1	0	0	0
Oversikt over fond Sogn regionråd				
		31.12.2013		31.12.2012
FOND SOGN REGIONRÅD-DIV. PROSJEKT		-1 270 319		-164 625
FOND SOGN REGIONRÅD-UNGDOM		-118 375		-20 610
FOND SOGN REGIONRÅD-REISELIV		0		0
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEVERN		-17 517		-17 517
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEHAGE		-115 991		0
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE		-724 394		-687 735
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE FAGNETTVERK		-276 590		-284 701
FOND SOGN REGIONRÅD-KONFERANSE		0		0
FOND SOGN REGIONRÅD-KONTIGENT		-422 510		-463 960
FOND SOGN REGIONRÅD-IKT		-11 775		-10 000
SUM		-2 957 471		-1 649 149

3.1 Bruk av fondsmidlar

Fondsmidlar utgjer kr 2 957 471 pr 31.12.2013.

1. Div prosjekt

Fondsmidlar kr 1 270 319 er unytta RUP-midlar (regionale utviklingsprosjektmidlar) frå fylkeskommunen og kommunane, tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon frå Sogndal kommune med kr 845 647 og renteinntektene for 2013 kr 117 220.

2. Ungdom

Fondsmidlar kr 118 375 er unytta midlar som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

4. Barnehage

Unytta eksterne midlar frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 115 991 er sett på fond.

5. Skule

Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 724 394 er sett av på fond.

6. Fagnettverk

Unytta midlar frå fagnettverka utgjer kr 276 590 og er i hovudsak kontingentmidlar.

7. Kontingent

Unytta kontingentmidlar på kr 422 510 er sett på fond, og er i hovudsak sal av tenester til SIMAS og renteinntekter.

10. IKT

Unytta midlar innan IKT blir sett av og går mellom anna til samlingar.